



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Heradsstyresalen, Heradshuset på Dale
Dato: 09.05.2017
Tidspunkt: 15:00 – 18.30

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Boris Groth	Leiar	FRP
Bente Sundheim	Nestleiar	H
Bjørge Aase N. Hop	Medlem	AP
Odd Jøran Oldervik	Medlem	SV
Terje Davidsen	Medlem	AP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Andre som møte:

Navn	Stilling
Eirik Haga	Ordførar
Åse Elin Myking	Konst. rådmann
Anita Sævild	Styreleiar Vaksdal kommunale AO KF, sak PS 12/17
Truls Morten Kaland	Økonomisjef, sak PS 12/17 – PS 15/17
Bjarne Ryland	Partner Deloitte, frå kl. 16.00
Line Margrete Johansen	Forvaltningsrevisor Deloitte, frå kl. 17.00
Hogne Haktorson	Kontrollsjef, Hordaland fylkeskommune
Roald Breistein	Seniorrådgjevar, Hordaland fylkeskommune

Boris Groth
utvalsleiar

Roald Breistein
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 10/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 11/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 12/17	Årsrekneskap og årsmelding 2016 for Vaksdal Kommunale Arbeids- og Opplæringscenter KF - Uttale frå kontrollutvalet		2017/28
PS 13/17	Årsrekneskap og årsmelding 2016 for Vaksdal kommune - Uttale frå kontrollutvalet		2017/28
PS 14/17	Rådmannen orienterer om frivillighetssentralen i Vaksdal kommune		2017/43
PS 15/17	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Vaksdal kommune		2017/46
PS 16/17	Møteplan for kontrollutvalet i Vaksdal kommune for resten av 2017		2017/23
PS 17/17	Forvaltningsrevisjon av kvalitet i pleie og omsorgstenesta - Status i arbeidet ved Deloitte		2017/24
PS 18/17	Korleis melde avbod til møta i kontrollutvalet		2017/27
PS 19/17	Gjennomgang av møteprotokollar		2017/47
PS 20/17	Referatsaker		
RS 5/17	Rapport frå helsetilsynet tilsyn med tvungen helsehjelp Vaksdal sjukeheim		2017/45
RS 6/17	Informasjon frå Forum for Kontroll og Tilsyn		2017/40
RS 7/17	Barnevern		2014/364
PS 21/17	Eventuelt		

PS 10/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 09.05.2017

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram noko under dette punktet.

Vedtak:

Sakliste og innkalling vart samrøystes vedteke.

PS 11/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 09.05.2017

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram noko under dette punktet.

Vedtak:

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 15.03.2017 vart samrøystes vedteke.

PS 12/17 Årsrekneskap og årsmelding 2016 for Vaksdal Kommunale Arbeids- og Opplæringsssenter KF - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet registrerer at Vaksdal kommunale arbeids- og opplæringsssenter KF i 2016 hadde eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 180 177 og eit netto driftsresultat på + 4,53 %.
2. Kontrollutvalet støttar seg elles til Deloitte sin uttale om den økonomiske situasjonen for Vaksdal kommunale arbeids- og opplæringsssenter KF for året 2016, og har ikkje øvrige merknader til denne.
3. Uttalen vert send kommunestyret via formannskapet.

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 09.05.2017

Handsaming i møtet:

Styreleiar Anita Sævild i Vaksdal kommunale arbeids- og opplæringsssenter KF presenterte årsrekneskapen for 2016 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Partner for rekneskapsrevisjon i Deloitte var også til stades og orienterte om den gjennomførte revisjonen av årsrekneskapen.

Kontrollutvalet merkar seg også at AO-senteret synes å vera framoverlent og identifiserer framtidige driftsmogleheiter for å utvikle drifta vidare på ein positiv måte. Dette vert teke inn som eit nytt punkt 3 i vedtaket.

Med tillegg i nytt punkt 3 vart slik uttale samrøystes vedteke.

Uttale:

1. Kontrollutvalet registrerer at Vaksdal kommunale arbeids- og opplæringsssenter KF i 2016 hadde eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 180 177 og eit netto driftsresultat på + 4,53 %.
2. Kontrollutvalet støttar seg elles til Deloitte sin uttale om den økonomiske situasjonen for Vaksdal kommunale arbeids- og opplæringsssenter KF for året 2016, og har ikkje øvrige merknader til denne.
3. Kontrollutvalet merkar seg også at AO-senteret synes å vera framoverlent og identifiserer framtidige driftsmogleheiter for å utvikle drifta vidare på ein positiv måte.
4. Uttalen vert send kommunestyret via formannskapet.

PS 13/17 Årsrekneskap og årsmelding 2016 for Vaksdal kommune - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Vaksdal kommune sin årsrekneskap for 2016.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 4 for 2016 frå Deloitte ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i første møte til hausten for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten.

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 09.05.2017

Handsaming i møtet:

Rådmann Åse Elin Myking og økonomisjef Truls Morten Kaland presenterte årsrekneskapen for Vaksdal kommune for 2016 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Partner i Deloitte for rekneskapsrevisjon var også til stades og orienterte om den gjennomførte revisjonen av årsrekneskapen.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak:

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Vaksdal kommune sin årsrekneskap for 2016.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 4 for 2016 frå Deloitte ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i første møte til hausten for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten.

PS 14/17 Rådmannen orienterer om frivillighetssentralen i Vaksdal kommune

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 09.05.2017

Handsaming i møtet:

Rådmann Åse Elin Myking orientert om frivillighetssentralen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom m.a. fram dette:

- Vaksdal kommune eig og driv frivillighetssentralen, og den er ein del av Vaksdal kommune
- Det er vanleg med slik organisering
- Organisert med eige styre vald av kommunestyret
 - 3 frå kommunestyret
 - 1 frå eldreråd
 - 1 frå ungdomsrådet
- Formannskapet er årsmøte
- Ein dagleg leiar
- Styret har arbeidsgjevaransvar for dagleg leiar på vegne av kommunestyret
- Uklart kvifor det ikkje vart halde årsmøte i 2015
- Sak om vurdering av organisering i framtida kjem opp til politisk handsaming i løpet av hausten 2017

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

PS 15/17 Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Vaksdal kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Unni Renate Moe, vedr. om Deloitte er uavhengig i høve Vaksdal kommune, til etterretning.

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 09.05.2017

Handsaming i møtet:

Partner Bjarne Ryland orienterte kort om uavhengighetserklæringa.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå ansvarleg revisor Unni Renate Moe, vedr. om Deloitte er uavhengig i høve Vaksdal kommune, til etterretning.

PS 16/17 Møteplan for kontrollutvalet i Vaksdal kommune for resten av 2017**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i resten av 2017:

Dato:
06.09.2017
18.10.2017
06.12.2017

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 09.05.2017**Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet ønskjer som hovudregel at møta vert haldne på tysdagar kl. 15.00.

Det vart gjort slike endringar i forslag til møteplan:

- 06.09.2017 vert endra til 30.8.2017
- 18.10.2017 vert endra til 17.10.2017
- 06.12.2017 vert endra til 28.11.2017

Med desse endringane vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i resten av 2017:

Dato:
30.08.2017
17.10.2017
28.11.2017

PS 17/17 Forvaltningsrevisjon av kvalitet i pleie og omsorgstenesta - Status i arbeidet ved Deloitte**Forslag til vedtak**

1. Revisjonsrapport vert å levere til sekretariatet innan slik at den kan handsamast i første møte i kontrollutvalet hausten 2017.
2. Informasjonen vert elles teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 09.05.2017**Handsaming i møtet:**

Forvaltningsrevisor Line Margrete Johansen orienterte om status i høve arbeidet med forvaltningsrevisjon av kvalitet i pleie og omsorg og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Revisjonsrapport vert å levere sekretariatet innan 30.06.2017.

Med denne datoen lagt inn i punkt 1 i vedtaket vart forslag til vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Revisjonsrapport vert å levere til sekretariatet innan 30.06.2017 slik at den kan handsamast i første møte i kontrollutvalet hausten 2017.
2. Informasjonen vert elles teken til orientering.

PS 18/17 Korleis melde avbod til møta i kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar til etterretning dei rutinane som gjeld for å melde avbod til møta i utvalet.

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 09.05.2017

Handsaming i møtet:

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar til etterretning dei rutinane som gjeld for å melde avbod til møta i utvalet.

PS 19/17 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.
2. Særskilt ansvar for gjennomgang av framtidige møteprotokollar vert fordelt slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	
Formannskapet	
Levekårsutvalet	

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 09.05.2017

Handsaming i møtet:

Etter felles drøfting vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.
2. Særskilt ansvar for gjennomgang av framtidige møteprotokollar vert fordelt slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Boris Groth
Formannskapet	Odd Jøran Oldervik og Bjørg Aase Nottveit Hop
Levekårsutvalet	Bente Sundheim og Terje Davidsen

PS 20/17 Referatsaker

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 09.05.2017

Handsaming i møtet:

RS 5/17 Rapport frå helsetilsynet tilsyn med tvungen helsehjelp Vaksdal sjukeheim

Kontrollutvalet ber rådmannen komme i møte 30.08.2017 for gjera greie for kva som er gjort/vil verta gjort for å lukke dei to avvika som kom fram i denne tilsynsrapporten.

Vedtak:

Kontrollutvalet ber rådmannen komme i møte 30.08.2017 for gjera greie for kva som er gjort/vil verta gjort for å lukke dei to avvika som kom fram i tilsynsrapport frå helsetilsynet gjeldande tvungen helsehjelp Vaksdal sjukeheim.

Dei andre referatsaken vart tekne til orientering.

PS 21/17 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet i Vaksdal kommune - 09.05.2017

Handsaming i møtet:

Leiar i kontrollutvalet tok opp om eigarskapskontroll av Vaksdal kommune, som vart gjennomført i 2015, er følgt opp slik kommunestyret vedtok i sak 70/2015 der vedtaket var slik:

«Vaksdal kommunestyre tek selskapskontrollen til etterretning, og ber rådmannen fylgje opp tilrådingane i rapporten. Kommunestyret ber om ein tilbakemelding med status innan utgangen av 2016.»

På bakgrunn av dette vart kontrollutvalet samde om å be rådmannen om å komme med skriftleg status til sekretariatet innan 30.06.2017, på oppfølgingsarbeidet etter denne selskapskontrollen. Ut frå denne tilbakemeldinga vert sekretariatet beden om å førebu ei sak til kontrollutvalet 30.08.2017.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med skriftleg status til sekretariatet innan 30.06.2017, på oppfølgingsarbeidet etter selskapskontroll gjennomført i 2015.
2. På bakgrunn av den skriftlege statusen frå rådmannen vert sekretariatet beden om å førebu ei sak til møte i kontrollutvalet 30.08.2017.